

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 02.11.2016
Vår ref.: 2016/10277-7
Saksbehandlar: anethom
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Kjære deltakarar i sesjon 4 på Hordaland fylkeskommune sin kulturkonferanse 8.11.16

Takk for at du vil bidra på vår 41. Kultur- og idrettskonferanse i Hordaland *PREMISS: Kultur?* neste veke. Vi ser fram til ein interessant dag med eit godt program, spanande innleiarar og gode samtalar. Litt om ramma rundt den sesjonen du skal delta i:

15.00 - 16.00 Sesjon 4

Å skape innhald: Privat og/eller offentleg finansiering? Har gåver ein kostnad?

Møteleiar: Kristin Øygarden, Kultur Vest

15.00 - 15.15 Jacob Lund, Sponsorconsult, styreleiar i Bergen City Event
15.15 - 15.30 Ingrid Tollånes, Leiar samfunn og gåve i Gjensidigestifelsen
15.30 - 15.45 Karin Hindsbo, direktør på KODE
15.45 - 16.00 Dialog med salen

Vi tenker oppsettet for sesjonen slik:

Det vil verte sett opp til eit «salongoppsett» på scena og ein talarstol. Alle deltakarane i sesjonen skal kome opp saman og sitje på scena under heile sesjonen. Møteleiar / moderator introduserer tema (svært) kort og introduserer deltakarane også kort etter tur. Møteleiar / moderator vil oppsummere dei tre innlegga i form av nokre korte spørsmål før ein opnar opp for spørsmål / kommentarar frå salen. Det er fint om dette får form av ein samtale.

Vi håper at de har høve til å delta på heile konferansen. Om ikkje er det viktig at de kjem i god tid før dykkar sesjon for å helse på dei andre deltakarane og få på plass det evt naudsynte tekniske utstyr.

Ta kontakt om det skulle vere noko. For evt spørsmål om innhaldet i sesjonen ol kan de kontakte dykkar møteleiar.

Program: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/Kulturkonferansen/>

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.